

«Samhandlingsbarometeret og Helsefellesskapa sine behov for data»

Workshop den 11. juni (på skype) frå kl. 09.00 til kl.11.00

Helsefellesskap mellom kommune- og spesialisthelsetenesta er viktige for det likeverdige og strukturerte partnerskapet mellom kommune- og spesialisthelsetenesta. Helseministeren har gitt helsefellesskapa i oppdrag å samhandle spesielt mot fire pasientgrupper:

- Barn og unge
- Personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem
- Skrøpelege eldre
- Personar med fleire kroniske lidningar

Helsedata skal i større grad enn i dag kunne delast for å utvikle betre helsehjelp, og helsefellesskapa skal finne løysingar som passar til lokale behov og føresetnader. I dette arbeidet er ein avhengig av eit godt faktagrunnlag gjennom data- og analyse for å kunne målrette samarbeidstiltak på best muleg måte.

I dette er Samhandlingsbarometeret eit viktig verktøy, særleg fordi det vert publisert styringsinformasjon til bruk både i det kortsiktige og meir langsiktige arbeidet, og fordi ein forholdsvis raskt kan legge inn data frå ulike kjelder som partane har behov for. I tillegg har Samhandlingsbarometeret knytt til seg personar med variert fagleg bakgrunn som også har analyse- og forskingskompetanse.

Målet med workshoppen er å diskutere rundt kva behov vi har for data, og avklare korleis vi saman skal jobbe med temaet framover.

Dagsorden

Kl. 09.00	Velkommen v/utviklingsdirektør i Helse Førde <i>Anne Kristin Kleiven</i>
Kl. 09.05	Kort om helsefellesskapa sine behov for data v/samhandlingssjef i UNN <i>Magne Nicolaisen</i> , samhandlingssjef i Helse Førde <i>Tone Holvik</i> og dagleg leiar for avd. Sogn og Fjordane i KS Vest-Norge <i>Frode Kyrkjebø</i>
Kl.09.30	Korleis arbeider ein med data inn mot helsefellesskapa i dag? v/representant for helsedirektoratet NPR, Samhandlingsbarometeret v/ <i>Emma Bjørnsen</i> og UNN v/ <i>Magne Nicolaisen</i>
Kl. 10.00	Diskusjon: Kva behov for data ser vi? Korleis jobbe vidare med temaet?
Kl. 10.50	Oppsummering

Møteleiar: Utviklingsdirektør Anne Kristin Kleiven